

Leseopplegg til ressursbanken frå Moltu skule

3.4. og 5.kl; Hadde eit eksempel på tekstsykker som ein kan bruke i matematikk. Det vert også tverrfagleg i og med at det kan handle om fakta som t.d. sommarfuglar, trening eller cupcakes. Der er øveord og oppgåver til kvart emne. Link til eit hefte ein kan finne døme på oppgåver er;

<https://issuu.com/ganaschehoug/docs/lesskrivmermatte>

6 og 7.kl.; Forklarte om korleis 6. og 7.trinn jobba med leseprosjekt. Dette var eit opplegg ein fann på Malimo.no (klasselesekurs) - Grundig lærarretteiing som forklare korleis ein skal gjennomføre leseprosjektet. Ein starta med VØ av vølskjema etter å ha lese tittel på heftet. Lærar las så gjennom heile heftet før ein fylte ut L-skjema. Det var bestemte oppgåver til kvar dag etter det, og elevane tok dette raskt og kom inn i det. Elevane hadde heimelekse å lese høgt kvar dag. Elevane jobba godt med oppgåvene, og det verka som at dei synest at det var eit kjekt opplegg.

1.og 2.kl; Brukar Salto med superblick og Alt eg veit. Brukar også imalabc.no, som er eit godt hjelpemiddel i bokstavinnlæringa, i tillegg til ulike malar frå malimo og andre nettsider. Har også hatt lesebingo og leksebingo, som kan vere ein kjekk variasjon. Det hjelp å ha songar som kan hjelpe elevane til å huske og lære ulike emne som alfabetet, talrekker og liknande (F.eks: MK-X på NRKsuper).